



# Referat frå kommunemøte 22. juni

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, Vest politidistrikt, Helse Bergen, 110 Vest og KS

**Ikkje til stades:** Alver kommune, Askvoll kommune, Austevoll kommune, Eidfjord kommune, Fitjar kommune, Kvam herad, Kvinnherad kommune, Lærdal kommune, Osterøy kommune, Stad kommune, Tysnes kommune, Ullensvang kommune og Voss herad

## 1. Innleiing

### Kommunemøte hausten 2023

Vi tek no pause i kommunemøta for sommaren, men planlegg å halde fram til hausten. Før ferien vil vi sende ut invitasjonar til kommunedirektørar/rådmenn, beredskapskontaktar og kommuneoverlegar/smittevernlegar.

Første kommunemøte etter sommaren vil vere torsdag 24. august kl. 13.30 – 15.00.

### Beredskap i sommar

For å sikre at e-post kjem fram til dei som er på jobb i sommar, vil vi på same måte som tidlegare sende dei til postmottaket i kommunane.

Vi er tilgjengelege på beredskapsadressa og vakttelefonnummeret heile sommaren.

E-post: [sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no)

Vakttelefon: 916 99 098

### Nødnettøvingar i sommar

Grunna redusert kapasitet vil ha ei pause i gjennomføringa av nødnettøvingar. Vi startar opp att øvingane til hausten.

### Fungering

Mari Severinsen går ut i foreldrepermisjon 6. juli. Medan Mari er i permisjon vil Oliva Marie Bakketun fungere som fast avløysar for fylkesberedskapssjefen.

## 2. Politiets bruk av nasjonalt nødvarslingssystem i Vestland

Det nye nasjonale varslingssystemet «Nødværsel» vart testa i full skala 14. juni. Systemet gjer det mogleg å sende varsel til mobiltelefonar i heile landet på få sekundar. Det er eit viktig tiltak som vil bidra til å sikre at alle kan få varsel når det skjer alvorlege hendingar. Prosessen med etableringa av systemet, og såleis òg rutinane for utsending av varsel, gjekk fort då vedtaket om etablering av systemet først vart tatt. Det gjer at det framleis er noko ukjart korleis systemet er tenkt nytta på regionalt og lokalt nivå, og då særleg om type varsel systemet er tenkt å nyttast til.

### Orientering v/Gustav Landro, Vest politidistrikt

Føremålet er å:

- Få på plass eit føremålstenleg og moderne varslingssystem for ekstraordinære hendingar i fred, krise, væpna konflikt eller krig.
- Gi ei rask og presis varsling til befolkninga nasjonalt, distriktsvis eller lokalt.

Det er viktig å understreke at bruken av Nødværsel er meint for ekstraordinære hendingar eller kriser der det er nødvendig å varsle raskt for å førebygge og avgrense følgene, fordi hendinga utgjer fare



for liv og helse for heile eller deler av befolkninga. Det er såleis avgrensa kva type hendingar det er aktuelt å nytte varslingsystemet til.

Politidirektoratet har ansvaret for å sende ut nasjonalt naudvarsel ved truslar mot heile eller store deler av befolkninga. Ved regionale og lokale hendingar, har politidistriket ansvaret for å sende ut varsel distriktsvis eller lokalt. Ved hendingar som går over fleire politidistrikter, vil dei aktuelle distrikta koordinere seg på tvers.

Politiet kan sende varsel på vegner av andre styresmakter. Dette vil til dømes kunne vere aktørar som Statsforvaltaren eller Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). Det vil i dei fleste tilfelle vere mindre aktuelt å sende ut varsel på vegne av kommunane. Dette er såleis ikkje eit system som vil erstatte kommunane eller andre aktørar sine eigne varslingsystem. Den styresmakta som ber om å få sendt ut varsel er ansvarleg for innhaldet i det, og vilkåra for bruk av varslingsystemet må vere oppfylt.

#### *Kommentar frå Statsforvaltaren*

Vi ser at det er eit gap mellom kva type varsel det nasjonale varslingsystemet dekker og det som vert dekt av eit matrikkelbasert varslingsystem. Det vil difor kunne vere situasjonar der det er behov for eit lokasjonsbasert varslingsystem. Utfordringa er at Datatilsynet er kritisk til at kommunane skal ha mynde til å sende ut slike varsel. Vi har vore tydelege overfor DSB om denne utfordringa, og forventar at dette vert følgd opp av nasjonale styresmakter

### **3. Tryggleik kring valet til hausten v/Gustav Landro, Vest politidistrikt**

Trusselvurderingane til PST viser framande makter kan ha interesse av å påverke valet til hausten, og på den måten undergrave demokratiet vårt. Politiet har difor stor merksemd på tryggleik rundt valet, både mot fysisk tryggleik (t.d. innbrot) og IKT-tryggleik.

Stabssjefen har jamlege orienteringar brifar for operasjonsentralen, der han ber dei ha særleg merksemd på:

- kritisk infrastruktur
- forskingsinstitusjonar og andre som handterer sensitiv teknologi
- val og påverknad på demokratiske prosessar (t.d. ved meldingar om innbrot i lokale med valmateriell eller digitale angrep som kan råke valsystema)

Politiet oppmodar kommunane om å ha særleg merksemd på tryggleiken kring valmateriell, vallokale og IKT-tryggleik. Konkrete tiltak kan vere å tilsette vere ekstra forsiktige med å trykkje på digitalelenker eller tvilsame e-postar. Kommunane vart òg oppmoda til å ha låg terskel for rapportere og melde.

### **4. Totalberedskapskommisjonen**

Det har den siste tida kome fleire kommisjonsrapportar og stortingsmeldingar ([totalberedskapskommisjonen \(NOU 2023:16\)](#), [forsvarskommisjonen av 2021 \(NOU 2023:14\)](#), [koronautvalet sin rapport \(NOU 2023:16\)](#) og [Meld. St. 26 \(2022-2023\) Klima i endring – saman for et klimarobust samfunn](#)) som alle seier ein del om arbeidet med samfunnstryggleik. Med unntak av stortingsmeldinga er dette berre tilrådingar, og vi veit difor ikkje kva dei politiske konklusjonane vert. Dei seier likevel mykje om kva retning det vert tilrådd at arbeidet med stats- og samfunnstryggleik og beredskap skal utvikle seg i.



Totalberedskapskommisjonen fekk i mandat å m.a. vurdere korleis dei samla beredskapsressursane kan nyttast best mogleg for å vidareutvikle arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Kommisjonen skulle mellom anna å gi ei prinsipiell vurdering av styrkar og svakheiter ved dagens beredskapssystem. Totalberedskapskommisjonen la frem sin utredning den 5. juni 2023.

Rapporten vart presentert 5. juni, og her er nokre moment som er særleg relevante for kommunane:

- **Kommunane er viktige for grunnberedskapen** i heile landet og utgjer ein viktig del av beredskapsstrukturen.
- Kommunane har fått meir ansvar og fleire oppgåver, utan at det nødvendigvis har følgd med **midlar** til å gjennomføre dei.
- For å styrke evna som kommunane har til å oppretthalde grunnleggande tenester til innbyggjarane, og ivareta oppgåver i kriser, meiner kommisjonen at kommunar i større grad må gjennomføre **beredskapsanalysar**.
- **Kommunale beredskapsråd** er ein viktig arena for mange kommunar. Kommunar som ikkje har det manglar såleis ein viktig arena for å koordinere beredskapsarbeidet lokalt. På bakgrunn av dette tilrår kommisjonen at det vert eit forskriftsfesta krav om at alle kommunar skal vere knytt til eit beredskapsråd. Kommisjonen meiner det bør vere mogleg for fleire kommunar å samarbeide om slike råd.
- Erfaringane frå koronapandemien og evalueringa etter kvikkleireskredet i Gjerdrum, har gjort det synleg kor viktig det er at kommunane etablerer **samarbeid og gjensidige avtalar for å støtte kvarande** i kriser.
- Kommisjonen meiner òg at **samarbeid med andre nød- og beredskapsaktørar** må prioriterast høgt i alle kommunar.
- Kommisjonen meiner at det er behov for å **etablere ei forsterkingsordning for kommunal krisehandtering**, som kan gi støtte og eventuelt overta krisehandteringen i ein periode fram til den råka kommunen har fått på plass nødvendige ressursar.

Vi oppmodar alle om å lese rapporten, og kome med innspel innan høyringsfristen 16. oktober.

[Informasjon knytt til høyringsrunden kan de lese her.](#)

[NOU 2023:17 Nå er det alvor – Rustet for en usikker framtid kan de lese her.](#)

## 5. Skogbrann

Det har dei siste vekene vore fleire skogbrannar i Vestland, beredskapen vart forsterka ved at det var plassert skogbrannhelikopter i Sogndal, Aurland og Voss. I tillegg til at det var stasjonert helikopter i Sauda som dekte dei sørlegare delane av fylket.

Vi veit at mange kommunar har innført utvida forbod mot open eld gjennom lokal forskrift, eller gått ut med sterkt tilråding om å unngå all bruk av open eld utandørs. Dette var blant temaat i beredskapsmøtet om skogbrannfaren, som vi med svært kort varsel inviterte til sist fredag. Møtet var eit samarbeid mellom oss og 110-sentralen i Bergen.

Som det vart informert om i møtet, har DSB utarbeidd ein [rettleiari for fastsetting av lokal forskrift om bruk av ild](#). Rettleiarien omtalar mellom anna:

- Delegering av mynde: For at brannsjefen eller kommunedirektør/rådmann skal kunne innføre forbod i forskrift, må denne ha fått delegert mynde.
- Kunngjering av forskrifter/kommunikasjon: Forskrifta må gjerast kjent for dei den skal gjelde for jf. forvaltningslova § 39. DSB tilrår at den som eit minimum vert publisert på heimesida til



kommunen, at det vert sendt ut pressemelding til lokale medium og at regional 110-sentral vert informert.

- Forslag til mal for utforming av forskrift.

Vi oppmodar kommunar som ikkje allereie har i eige delegasjonsvedta om å vurdere å få ei slikt på plass. Det vil gjere det raskt å få på plass ei lokal forskrift når forholda tilseier at det er nødvendig. Kommunen bør òg ha tenkt igjennom korleis ein ser for seg å informere om forskrifta, for å sikre at den vert allment kjent.

[DSB har samla informasjon om skogbrann på ei side som de finn her.](#)

Alarmsentralen orienterte om at det er store lokale variasjonar i skogbrannfaren, og at det er difor viktig at den kvar kommune gjer si vurdering av situasjonen. Dei skrytte av lokale brannmannskap rundt om i fylket som den siste tida har gjort ein svært god jobb i det. For ein del av brann- og redningsvesena har det vore ein veldig krevjande periode.

## **6. Oppdrag om å kartlegge kapasitet til å innkvartere eit sterkt aukande tal flyktningar**

Vi har fått eit oppdrag frå DSB om å kartlegge kapasitet til å innkvartere eit stort tal flyktningar. Oppdraget er basert på eit scenario som direktoratet har laga, og som er eit døme på ein situasjon som kan skape trøng for ekstraordinær innkvartering i ein akutt situasjon, og som går ut over dei ordinære systema vi har i dag.

Kartlegginga skal omfatte lokale som kan nyttast både akutt innkvartering (bør kunne nyttast i minst 2 månadar) og mellombels busetnad av fordrivne etter opphold i mottak (bør eigne seg til å bu der minst eitt år). Det er eit svært omfattande arbeid, som krev god lokalkunnskap. Statsforvaltaren er difor heilt avhengig av hjelp frå kommunane for å kunne gjøre kartlegginga.

Alle kommunane har ein eller fleire tilsette som har oppgåver knytt til mellom anna finne bustader til folk med særlege utfordringar og behov. Sidan dei har erfaring med likande arbeid, tilrår vi at kommunane nyttar seg av dei som ressursar i arbeidet med kartlegginga. Det er samstundes viktig å merke seg at kvaliteten på bustadane som ein skal kartlegge her er noko lågare enn ved vanleg bustadanskaffing.

Statsforvaltaren har frist til 15. september med å sende ei samla liste for heile fylket, og vi må difor be om at kommunane gir ei tilbakemelding før slutten av august.

Sjå den vedlagte presentasjonen for detaljar knytt til oppdraget. Vi vil sende ut ein eigen e-post i neste veke, der vi vil skildre «bestillinga» til kommunane meir konkret.

## **7. Krisestøtteverktøy**

### Status for anbodsrunde krisestøtteverktøy

Vi har tidlegare orientert om den pågående anbodsrunden for nytt krisestøtteverktøy (i dag DSB CIM), som omfattar Statsforvaltaren og kommunane. Etter planen skulle arbeidet vore sluttført i mai. Det har dukka opp nokre utfordringar i anbodsprosessen, så det er framleis ikkje avklart kva tilbydar som får den nye avtalen. Vi vil gi beskjed så fort vi veit noko meir om utfallet av anbodsrunnen, og den vidare prosessen med innføring av eit eventuelt nytt krisestøtteverktøy.

### Feil med mottak av e-postar frå DSB CIM – retting frå førre kommunemøte

Endring av SPF-regelen (*SPF-oppføringar hjelper med å identifisere kva e-postservere som har*



*godkjenning til å sende e-poster på vegne av domenet ditt) knytt til domene må gjerast av den som står som avsendar. Det er t.d. slik at sidan vi får avsendaradresse @statsforvalteren.no, må vi som driftar dette domenet opne for at CIM kan sende på vegner av oss. Det er allereie gjort, og skal difor ikkje vere ei utfordring.*

Viss kommunane de ikkje får e-post frå oss, må det gjerast ei feilsøking i dykkar IKT-system for å finne feilen. Sidan utsendinga av e-postane i utgangspunktet ikkje skal bli stoppa, må det vere anna årsak. Det er altså eiger av domenet som må legge DSB CIM inn som godkjent avsendar, og ikkje mottakaren slik vi sa i kommunemøtet i mai.

Viss kommunen ikkje får e-postar som de sender frå eigen CIM-installasjon, kan det skuldast at de som eigar av kommunedomenet ikkje har lagt inn DSB CIM som godkjent avsendar. Viss det er tilfelle kan vi dele ei «oppskrift» for korleis de kan rette på dette. Alternativt må de ta kontakt med F24 direkte for brukarstøtte.

## **8. Førepurnad etter kommunar som har øvd psykososial beredskap (bidrag til nasjonal helseberedskapskonferanse)**

Helsedirektoratet inviterer til [nasjonal helseberedskapskonferanse i Tromsø 7. og 8. november](#). Hovudtema under årets konferanse er psykososial beredskap i kommunane. I samband med konferanse har vi fått spørsmål frå Helsedirektorat om vi veit om det er kommunar som har øvd på dette temaet, og som kan tenke seg å dele sine erfaringar.

Viss det er nokon som har øvd psykososial beredskap dei siste åra, er det fint om de melder tilbake til oss om det ([sfvlberedskap@statsforvalteren.no](mailto:sfvlberedskap@statsforvalteren.no)), slik at vi kan spele inn forslag til direktoratet.

## **9. Smittevernkonferanse i regi av Statsforvaltaren**

Statsforvaltaren arrangerer smittevernkonferanse på Skei i Jølster 27. september og i Bergen 28. september. De finn program og informasjon om påmelding i lenkene under:

- [Informasjon og påmelding til smittevernkonferanse på Skei i Jølster 27. september](#)
- [Informasjon og påmelding til smittevernkonferanse i Bergen 28. september](#)

## **10. Fagsamling for kommunane - beredskap**

Statsforvaltaren inviterer kommunane til fagsamling for beredskap i Førde 24. og 25. oktober.

Redusert pris ved tideleg påmelding: Ved påmelding før onsdag 23. august vert pris for dagpakke redusert frå 690kr. til 500kr.

[Informasjon om samlinga, førebels program og skjema for påmelding finn de her.](#)

*Neste planlagde kommunemøte er torsdag 24. august kl. 13.30 – 15.00. Vi vil sende ut kalenderinvitasjon i etterkant av møtet.*